

# På slep etter høyvogna!

## -da fjordinghoppa Hild tok ut!

Søndag 14. april skulle Rigmor Vethe og Hild bare ha seg en kosetur sammens med venninna, som spredde møkk. Men det ble alt annet enn en kosetur for Rigmor. Hild tok ut med ei stor høyvogn og Rigmor hang på slep etter hest og vogn mens turen gikk over "haug og hammer"! "Jeg er glad jeg er i live, og har fått meg en kraftig lærepenge", sier Rigmor til Equus.

Uhellet skjedde sist søndag. Da hadde hun avtale med vennina si om å hjelpe henne i gang med å rivla møk. (For ikke-vossingar betyr det å spreia møk på bakkane ved hjelp av hest og et stort rivjern) Etter at hestene var selt på, satte venninna i gang med ei dølehoppe, mens Rigmor tømmekjørte bak med Hild, bare for å gjøre ho vant med det som skjedde. Men dette gikk så bra at hun etter en lang runde valgte å kjøre opp i tunet for heller å la Hild trekke ei fire-hjuls høyvogn. Vi lar Rigmor fortelle resten på Vossemål:

### Taumane lagde brannsar og eg måtte sleppe

Eg taumkøyrd Hild opp i nye-garasjen mens venninna fortsatte med å rivla møkk. Der skulle eg henta fram firehjuls kjerra, (høyvogna) for at Hild skulle få øva seg litt i å dra den store. Ho har aldri hatt slik på seg før. Men kjerra var tung, og eg fant ut at Hild skulle få hjelpa meg med å dra ho ut av garasjen.

Så eg spente hesten føre, slik at ho stod utanfor garasjen, medan kjerra og halvparten av dragene var innanfor.

Så bad eg ho ta eit par skritt framover. Men garasjen er laga av bølgeblekkplater, og det ligg rullesteinar i bunnen, så kjerra laga skummel lyd. Hild blei skremt, og bykste fram, og oppdaga at ho hadde denne svære kjerra hengande etter seg....


[Ho skjente ut rett til venstre og ned bratte bakken.. eg stod att med taumane i handa. Med brannsar prøvde eg så godt eg kunne' å stanse ho, men hadde ikkje sjans, og ho tok ut i panikk. Så eg sleppte taumane, og håpte på det beste. Men det verste skjedde: I ekte Donald Duck stil hekta foten min seg fast i løkka på taumen og "SJWUP" så blei eg dratt overende og etter hesten. Foten min sat heilt bom fast, og eg blei liggande på slep på ryggen halvvegs bak, halvvegs under kjerra.

### Eg skreik for livet på veg ned bakkane mot stupet!

Hesten for i full galopp ned bakken, over grusvegen, ned ein ny skrent, tok til høgje under floren og over ein steinbelagt kjerre veg, og vidare nedover bakkane mot stupet! Eg hugsar eg skreik for harde livet, og at kjerra hamra og slo oppå foten min. Under fjøset blei eg vridd rundt og eg fortsatte på magen nedover. Gensarane mine hadde då blitt dratt halvvegs av meg og eg var naken på ryggen og magen.

### Vennina mi kunne bare sjå på

Der nede på bakkane stod hennes hjelpeslause venninne og såg på. Ho kunne ikkje gjera noko frå eller til, måtte berre halde sin hest i ro. Hild hadde så stor fart at ho ikkje klarte å stanse med Maili, så ho prøvde å svinge opp att. men då velta kjerra og tok hesten med seg i fallet.



Her er Rigmor og Hild under et kurs på Voss i 2001

Hild stupte kråke og landa på nakken/ryggen, men reiste seg att og blei ståande i vridd seletøy med hovudet fyrst inn idraga!

Eg skynda meg å få foten laus, og spratt opp for å se at hesten hadde det bra. No kom venninna og fleire springane til, og eg hugsar eg seig sammen på bakken medan eg skreik... Kjeften var full i jord og gras, og eg var heilt oppskrapa over heile kroppen. MEN: eg overlevde! Det var ein heilt jævlig tur. og eg var sikker på at min siste time var komen då eg hang der og slang under kjerra.

### På sjukehus og i narkose for å rense sår

Eg klarte å gå opp att til husa ved eiga hjelp. Det same gjorde hesten, og ho blei sleppt på beite. Ho var litt stiv, men har klart seg utrolig bra. Litt verre med meg.. Eg blei køyrd til lege, som la meg inn på sjukehuset med det samme. Der blei eg sjekka for brudd og indre skadar, og deretter lagt i narkose før det bar inn på operasjonsstova. Tre legar foretok ein utskrapning av stein, grus og jord på ryggen min og elles rundt om på kroppen i diverse små og større sår. Smertene var uutholdelige då eg vakna, og i følge foreldrene mine hadde eg banna og steikt noko frykteleg på legane om å gi meg smertesillande.

Så fulgte ei heller lang og uvel natt på sjukehuset, med sprøytstikk, oppkast, drypp og overvakande legar.. Men alt vel: eg fekk koma heim dagen etterpå, og går no til dagleg sjekk og sårstell på sjukehuset. Eg er sjukmeldt ut månaden i fyrste omgang, og sit her og prisar meg lykkeleg for at eg fortsatt lever!

### Treng sommeren til å komme over skrekken

Mange spør om eg har tatt skrekken no. Og når sant skal seiast så veit eg ikkje heilt svaret på det, før eg har prøvd igjen. Eg trur neppe eg har tatt skrekken for å ri, men når det gjeld køyring så trur eg nok at både eg og hesten har fått ein opplevelse som ikkje så lett skal sleppa taket, og me får bruka sommaren på gjenvinna tilliten til kvarandre og køyringa..